



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 4. mars 2026

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Terje Båtnes og Inger Cesilie Fitje på Facetime.

Fråfall:

Bjørn Harald Nybø, Torunn Styve og Maria Zimmermann Espeseth.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, referat frå 28. januar og sakliste.

Meldingssaker:

03/26 Sidan sist

Gudsteneste 15. februar: 14 frammøtte. Orgelet var så dårleg at organisten brukte pianoet i staden for. Kyrkjekaffi.

Mat og Prat 12. februar: Starta med kvelds saman. Etterpå vart Jan Erik Søreide intervjuet av Geir Sørebo om livet, trua og tvilen. Ca. 30 frammøtte. Ein veldig fin kveld.

Torsdagstaco 26. februar: 36 kom på tacokveld. Ettermiddagen starta med taco, så hadde vi samlingsstund i stova, og avslutta kvelden med is, kjeks og kaffi. Vellukka arrangement denne gongen også, med gode tilbakemeldingar.

Fellesrådsmøte 12. februar: Toril orienterer. Protokollen ligg tilgjengeleg på nettet.

Helgestunder 1/26: Det kjem ut like før påske.

04/25 Orgelet i Lavik Kyrkje

Stig Jonny orienterer:

Orgelet i Lavik kyrkje er gammalt, men det vart installert for vel 20 år sidan så då vert det pårekna som «nytt».

Stig Jonny har vore i kontakt med Kjell Ivar Aase for å høyre hannes erfaringar med digitalt orgel. Det er eit kostbart prosjekt.

Ein kan erstatte orgelet med eit nytt elektronisk, reparere det som er der no eller jobbe vidare med det som er der og gjere det elektronisk.

Stig Jonny skal jobbe vidare med dette og innhente alternativ og prisar.

Vedtaksaker:

04/26 Gudstenester vinter/vår

Gudsteneste 8. mars: Eldrun er kyrkjevert og Toril er klokkar.

Høgtidsgudsteneste 5. april klokka 11:00: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Takkoffer til Misjon i Mali. Konfirmanten deltek. Kyrjekaffi. Vi må prøve å få nokon til å enten synge eller spele denne dagen.

Gudsteneste 26. april: Denne blir på Alværa i forbindelse med minikonfirmantsamlinga.

Konfirmasjonsgudsteneste 14. mai klokka 11:00: Katrin er kyrkjevert og Toril er klokkar. Katrin skal høyre om nokon vil spele denne dagen.

Gudsteneste 17.mai 13:15:

Friluftsgudsteneste 7. juni klokka 15:00: I moloen på Norevikane. Dersom det vert veldig dårleg vèr kan ein vere i bygdehuset eller i huset til Olav Hellebø.

05/26 Årsmelding Lavik sokneråd 2026

Toril har sendt denne på mail, og alle har lese igjennom den. Ingen merknadar.

Soknerådet godkjenner årsmeldinga.

06/26 Aktivitetar

Årsfest og årsmøte 25. mars. Startar med middag 16:30, og fortset med årsmøtedelen etterpå. Vi serverar kjøttkaker og pølse med brød.

Terje skal høyre med Leon Mario og Haldis Maria om dei vil bidra med eit musikkinnslag.

Regine høyrer med Maria om ho har nokre forslag til underhaldning.

Inger Cecilie skal snakke litt om Fasteaksjonen.

Torunn og Eldrun lagar middag. Regine lagar ei panne med glutenfri saus.

Vi lagar til basar.

Regine, Maria og Candy lagar kaffimat.

Myldresamling/Bibelgjengen: Regine, Maria og Toril planlegg dette vidare på Messenger.

Palmesøndag: Regine og Toril planlegg nærmare denne dagen. Vi blir einige om at klokka 16:00 er eit høveleg tidspunkt.

Vaskedugnad inne: Onsdag 22. april 10:30.

Dugnad ute: Måndag 4.mai klokka 17:00. Regine lagar plakat.

07/26 Fasteaksjonen

22. – 24. mars.

Rode 1 (frå Avsnes til Mjellelid): Oddny Marie Bruåsdal

Rode 2 (Indre Torvund til og med Avenbukta): Marit Aven

Rode 3 (Rå til og med Mosemyra + Bosdalen): Bjørn Harald Nybø

Rode 4 (Frå Svein-Kåre til og med Kaptein Hartvik veg): Katrin Borlaug Ringereide

Rode 5 (Stølsvegen til Ole Elias Holck veg): Terje Båtnes

Rode 6 (Helsesenteret + Eldrebustadane): Eldrun Nordahl

Rode 7: (Kvamsvegen + frå Bensen til Galip): Torunn Styve

Rode 8 (Frå gamleskulen til Bekken + Aina/Inger Lavik/Aslaug): Toril Lange og Olav Hellebø

Rode 9 (Nedre Lavikdal, frå Anngunn): Andreas Førde Systad (konfirmant)

Rode 10 (Øvre Lavikdal): Liv Aven og Toril Lange

Neste soknerådsmøte: Onsdag 20. mai klokka 18:00

